



Alver kommune Plan og byggesak
Postboks 4
5906 FREKHAUG

Referanser:

Dykkar: 976f2293-007e-4b5c-9d6b-704680959a12

Vår: 23/5112 - 23/60405

Saksbehandlar:

Linda Hammersvik Folkestad

linda.folkestad@alver.kommune.no

Dato:

31.07.2023

Uttale byggegrense mot veg, avkjørsle Gbnr 425/128 Haugland

Vi viser til førespurnad om uttale byggegrense mot veg og avkjørsle - Gbnr 425/128 Haugland.

Som nemnt i telefon 23.06.23 og i e-post datert 23.06.2023 treng vi meir dokumentasjon før vi kan gje ei endeleg uttale i saka.

Avkjørsle:

Det må sendast inn situasjonsplan som viser avkjørsle med siktsone, svingradius $R = 4\text{m}$, parkering og snu areal. Da det ligg kommunale leidningar i veg skal VA-kart nyttast.

Avstand mellom næraste del av ytterkant mur og midt kommunal veg skal være vist og målsatt. Det same gjeld avstand mellom mur og næraste del av kommunalt leidningsnett.

Det må sendast inn lengdeprofil gjennom avkjørsle som viser at avkjørsle stettar krav til fall/stigning.

Dispensasjon frå byggegrense mot veg (mur):

Det kjem ikkje fram kva avstand ein søker dispensasjon for når det gjeld mur som er tenkt plassert i byggegrense mot veg.

Før vi kan gje ei uttale her må det søkast om ei spesifikk avstand (minste avstand) mellom midt kommunal veg og næraste del av mur. Da det er kommunale leidningar i veg, skal VA kart nyttast. Dersom mur kjem nærare kommunale leidningar enn avstandskrav gitt i Standard abonnementsvilkår for vatn og avløp – Adm. bestemmelser pkt. 3.4, må ein søkje dispensasjon frå avstandskrav.

Det må sendast inn lengdesnitt som viser muren sin høgde og avstand frå midt kommunal veg, avstand til kommunale leidningar skal også være vist på lengdesnittet. Alle avstandar og høgder skal være målsatt.

Dispensasjon byggegrense for tomannsbustad:

Det er tidlegare gjeve dispensasjon frå byggegrense mot kommunal veg for sjølve tomannsbustaden. Minste avstand mellom veggiv og midt kommunal veg er i løyvet satt til 7,5 meter.

Med helsing

Alver kommune Samferdsel, veg-, vatn- avløp-
forvaltning

Torkjell Holm Brenna
Avdelingsleiar

Linda Hammersvik Folkestad
Ingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Alver kommune Plan og byggesak Postboks 4 5906 FREKHAUG